

Fylkesmannen i Vestland
Landbruksavdelinga

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/3373 - 19/37698

Saksbehandlar:
Kjartan Nyhammer
kjartan.nyhammer@lindas.kommune.no

Dato:
16.12.2019

Tilbakemelding forvaltningsrevisjon landbruk, Lindås kommune 2019

Det vert synt til Lindås kommune sin eigenrevisjon, dagsett 02.09.2019 og Fylkesmannen i Vestland sin rapport etter forvaltningsrevisjon, dagsett 28.10.2019.

Fylkesmannen har hatt forvaltningsrevisjon av Lindås kommune avd landbruk juni – september 2019. Det er ordninga Produksjonstilskot og tilskot til avløyising ferie og fritid, ajourhald gardskart og delegeringsreglementet som tema for kontrollen.

Ifølgje rapporten etter revisjonen er det avdekkta to avvik og to merknader. I mail av 2. desember 2019 bed Fylkesmannen om at «... kommunen melder tilbake om korleis kommunen vil forbetre sine rutinar slik at avvik unngås i framtida. Tilbakemelding kan gjerast på e-post innan 16 desember.»

Nedanfor følgjer avvika med planlagte tiltak for å lukke avvika :

Avvik 1. Kommunen endrar opplysningar i søknadar, noko som fører til større tilskotsutbetaling enn det som er søkt om.

Tiltak: Openbar feilføring er det gjeve opning for å kunne korrigere jfr punkt 6.2 i Rundskriv 18–21 Saksbehandlingsrutiner. Men kommunen vil vere meir bevisst på dette i vår saksbehandling i framtida. Spesielt i saker der søkjar vil få meir utbetalt ved korrigeringa.

Avvik 2. Det er ikkje avkorta eller vurdert avkorting ved endringar i søknadar

Tiltak: Kommunen vil innsjerpe rutinen knytta til avkorting eller vurdert avkorting ved endringar i søknadar. Kommunen vil gjere skriftlege vurderingar og føre desse i eStil-systemet.

Når det gjeld delegeringsreglementet vert det no oppdatert ved inngangen til Alver kommune.



Ynskjer å gje honnør til Fylkesmannen for ei konstruktiv form på forvaltningsrevisjonen. Det å ha felles revisjon saman med andre landbrukskontor og Fylkesmannen der ein set av tid til utveksling av erfaringar og diskutere rutinar rundt sakshandsaming er av stor verdi for ei kalibrert og rett sakshandsaming blant kommunane.

Med helsing

Kjartan Nyhammer
landbrukssjef

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Fylkesmannen i Vestland

Landbruksavdeling

a